



Kyrkegården er teken i bruk, men kyrkja er enno ikkje reist. Foto i Tor Bringedal si bok.

**Tanken om eiga sokn og eiga kyrkje for Uskedal er eit tema frå vår bygd som Tor Bringedal har ofra relativt mykje plass på i den nyutgjevne boka si om Kvinnherads politiske historie frå 1837 til 1945. Men det er ikkje råd og vita korleis eller kva tid tanken dukka opp.**

Imidlertid er det ikkje vanskjeleg å sjå for seg at han kom tidleg, for kyrkjevegen var lang sjølv for gardane nedst i dalen. Og for gardane øverst måtte det vera ei sut å leggja ut på den lange kyrkjereisa. I nokolunde ver tok det 2 timar å ro til Rosendal.

Forfattaren trur at tanken om eiga kyrkje i alle fall kom opp på 1850-talet, då sokna tok til å overta kyrkjene frå dei private kyrkjeigarane.

Tanken dukka opp fyrste gong i formelle organ i 1888 med søknad om eiga sokn og eiga kyrkje. Søknaden utløyste ein ivrig diskusjon og saka vart utsett men ein komite vart sett ned. Med i den var Knut Skaaluren, Ivar Arnesen, Bertel Myklebust om Samson J. Feet med oppdraget å finna ut om Uskedal kunne skiljast ut som eiga sokn.

Men det vart ikkje gått vidare med saka før det i 1894 kom søknad om eigen kyrkjegard. Imidlertid vart også dette utsett inntil dei fann ut at kostnaden ville verta 500 kroner.

Soknestyret meinte no at uskedalingane hadde full rett på eigen gravplass og han vart fullført i 1896. Året etter vart det imidlertid

problem med godkjenninga då oppsittjarane på Ljosnes ikkje ville tilhøyra Uskedal kyrkjegardsdistrikt. Men soknestyret avviste motstanden.

Arbeidet for eiga kyrkje heldt fram. Uskedelingane klaga over kyrkja i Rosendal som dei meinte ikkje var særleg veleigna og måtte gjennomgå store reparasjonar.

Arbeidet for eiga sokn vart ein langdryg prosess fordi nye omsyn og krav stadig kom opp og er omtala på fleire sider av Bringedal. Uskedelingane gav seg ikkje og i november 1913 vart kontrakta om byggjing for 17 600 kroner signert. Byggearbeidet gjekk i alle fall fort utan særlege problem. Rekneskapen synte rett nok ei overskriding på 30 prosent, men det vart ordna med lån. Og i desember 1914 meldte byggjenemnda at kyrkja var ferdig og skulle vigslast 16. desember.

Av Ola Matti Mathisen